



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mars 2020.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
55



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Bjørn Teigene
Visepres:	Oskar Grimstad
Sekretær:	Vegard Gjerde
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem:	Harald Elias Teigene
Ansv.red.:	Anne Gry Eilertsen
Referent:	Johan Ole Brandal

## Nu falder Sneen i tette lag

Nu falder Sneen i tætte Lag,  
Og Drengen har ingen Hvile.  
Det blev nok en Hoben Mile,  
Hvad han kan løbe den hele Dag.

Her slæber han Gaarden af Sne-Blokke fuld,  
Og former Soldater drøie;  
Det volder ham Slid og Møie.  
Han giver Soldaterne Øine af Kul.

Saa ruller han Sneen med al sin Kraft,  
Mens Kæmperne staa der og kneise;  
Han vil dem et Brystværn reise.  
Til Landse han gi'r dem et Kosteskraft

Og nu er han færdig, og nu er han mat;  
Hans Hænder er frosne og ømme.  
For alle de stærke Drømme  
Faar Drengen vist en urolig Nat.

Man hører ham juble, den lille Mand:  
"Imorgen skal Slaget stande!"  
Da løse sig Himlens Vande,  
Og alle hans Kæmper blive til Vand.

*Johan Sebastian Welhaven*

## Referat frå Rotarymøte 2. mars 2020.

President Bjørn Teigene ynskte velkomne til godt frammøte av medlemmar før forsamlinga,som vanleg, stemte i med songen «Blant alle lande ....».

Etter at presidenten deretter hadde orientert om programma på møta framover, fekk kveldens kåsør; Egil Utgård ordet.



Han hadde vorte oppmoda om å halde dette kåseriet på nytt, som han heldt for om lag 20 år sidan ,om hans « BARNDOMENS RIKE».

Innleiingsvis oppfordra han at fleire av **medlemane** våre burde halde kåseri eller foredrag. I «gamle dagar» var det nesten berre medlemar som hadde innlegg.I dag har dette snutt alt for mykje, meinte han.

Hans «**barndomens rike**» var tida under krigen og straks etter siste verdskrig på ytre Hareid og spesielt ME-gata, og gradvis utviding derifrå etter som åra gjekk. Han poengterte innleiingsvis at sjølv med ein krig hengande over seg,-var det trygge og gode oppvekstvilkår.

Og etter kvart fekk vi på ein fin og detaljerik måte innleving i dette .Og at dette var sant,sett frå hans minne, fekk vi tydelege innlevingar i.

Familien hans kom til Hareid i 1942,flyttande frå Trondheim. Opprinneleg var familie frå Sykkylven/Hundeidvik . Det var krig, og dei ville ut av byen og ut på landsbygda i tru på at det ville vere tryggare for barna å bu og vekse opp der.

Men alt under truren til Hareid med flyttelasset opplevde dei flyangrep og angrep m.a. på Åndalsnes.

Far til Egil hadde fått arbeid på Hareid Bruk , og nokre år seinare starta han si eiga møbelverksemد på Holstad.

Og Egil vart Hareidsdøling og har budd på Hareid heile sitt liv elles.

Og «barneriket» var i førstninga mellom Alvestadkaia og Lall-fabrikken med naust og fjøre,fisking,fiskebåtar,frakteskuter,forretningar,telefonsentral, hotell, bussruter til ytre søre,Sulabåtane,gardane på ytre og mykje mykje meir.

Eit langt interessant « minne-kåseri» som strekte seg over mest heile rotary-timen.

Imponerande detaljerikt kåseri som vitna om at «smågutten» på ytre må ha hatt utruleg god observasjonsevne, og i ettertid ein uvanleg god husk,--som igjen vitnar om ei god kjensle og ein god oppvekst.

Kåseriet bør,etter referntens syn, prentast slik ein større krins kan lese det.

## **Referat frå Rotarymøte 9. mars 2020.**

Karl Johan Bakken og Julie Sundgot Andersen, Vekst i Hareid.

